



Plan og byggesak Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/10081 - 22/5009

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@alver.kommune.no

Dato:  
19.01.2022

## Oversender søknad til uttalelse - gbnr 116/7 Lauås

Viser til førespurnad om å koma med uttale til søknad om riving av vindfang og oppføring av nytt tilbygg til bustadhus på gbnr 116/7 Lauvås.

Det aktuelle bustadhuset er ei lemstove, som som er ein bygningstype som var typisk for vårt distrikt. Dei fleste våningshusa som vart bygde i Nordhordland etter utskiftingane på 1800-talet og i byrjinga av 1900-talet var lemstover, og dei er framleis viktige element i kulturlandskapet i vårt område. Sefrak-registreringa har ikkje med informasjon om byggjeår, men *Norske gardsbruk, Mid- og Nordhordland*, bind 2 opplyser at huset vart bygd i 1915. Bygget er ikkje verna og er heller ikkje meldepliktig etter kulturminnelova § 25.

Det planlagde tiltaket er eit tilbygg som vert ført opp på baksida av lemstova. Tilbygget består av ein hovuddel med tradisjonell uforming med saltak og trekledning, men med eit moderne uttrykk, og ein smalare mellomdel. Sjølve lemstova vil i stort grad behalda opprinnleg form og uttrykk. Vår vurdering er at dette er ei god løysing som både tar vare på lemstova og gjev huset ein storleik og standard som stettar moderne behov.

Med helsing  
Alver kommune, Kultur

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Plan og byggesak Alver kommune

Postboks 4

5906

FREKHAUG